

## Konsensus om lekser på Grasdalen skule

(Konsensus betyr generell enighet blant medlemmer av en bestemt gruppe, eller sammenslutning der hver medlem bidrar i et visst monn ved beslutnings – og oppfølgingsprosesser, av teori og praksis)

Rektor samanfattar følgjande:

**Lekser er viktig for læring, og difor skal vi gi lekser til elevane på skulen vår.**

**Det er avgjerande kva for type lekser lærarane gir.**

**Vi skal gi lekser knytt til grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning og digitale ferdigheiter.**

**Leksene skal vera tilpassa den enkelte elev, og det vil difor vera ulik mengde og type lekse elevane får.**

**Lekser skal vera knytt til 4 generelle prinsipp om læring:**

- Intensitet: du må øve mykje og ofte.
- Progresjon: starte på riktig nivå, det vil sei utfordringar i forhold til ferdigheiter.
- Positiv feedback: ros når man lukkast.
- Sjølvmonitorering: oppgåvene bør vera lagt opp slik at barnet sjølv ser når det meistrar.

**Lærer skal samarbeide med foreldre om lekser, og ha ein dialog om forventning til tid og innsats for leksearbeid.**

**Lærer skal gi elevane tilbakemelding på leksene.**

**Leksene skal ikkje underminere elevane sin motivasjon for læring.**

**Både foreldre og lærarar må hjelpe til endring dersom feil bruk av lekser fører til stress, utmatting og negativ haldning til skulearbeid.**

**Skulen skal arbeide for at tilbod om leksehjelp er med på å utjamne sosiale ulikheitar og gi barn som har behov for ekstra hjelp den støtte og oppfølging dei treng.**

*Lovgrunnlag: Tolkningsuttale av Opplæringslova frå Utdanningsdirektoratet 12.12.2014 :*

*« Det er skolen selv som avgjør om den vil pålegge elevene lekser, og et flertall av skolene har valgt dette. Skolen kan imidlertid velge å organisere opplæringen uten å gi elevene hjemmearbeid. Det sentrale er at skolen legger opp opplæringen slik at den er egnet til at eleven kan nå kompetansemålene. Plikt til å delta aktivt i opplæringen Elevene har en plikt til å delta aktivt i opplæringen, jf. opplæringsloven §§ 2-3 fjerde ledd og 3-4 annet ledd. Bruken av lekser må kobles til opplæringen og gjennomføringen av denne, og kan således ha en viktig funksjon i elevens læringsarbeid. Målene for elevenes opplæring er angitt i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Her er det formulert kompetansemål, og elevens kompetanse blir vurdert ut fra graden av måloppnåelse. Lekser kan også ha en viktig funksjon i samarbeidet mellom skole og hjem. Dette vil gi foreldrene en mulighet til å ta del i elevens opplæring. Foreldre har ansvar for at barna gjør lekser, men skolen kan ikke forutsette at det gis faglig hjelp hjemme.»*